

# Sterk appell Om innvandring

**RADØY:** Kurdaren Aso Karim flykta frå Irak og kom til Noreg i 1998. Torsdag opna han utstilling om immigrasjon på Utvandringssenteret på Sletta.



Av Livar Aiknes  
livar@strilen.no

– Eg har ei dotter som går i fjerde klasse. Ho er fødd i

Noreg og kjenner seg som heilt norsk. Likevel hender det at ho kjem gråtande heim frå skulen fordi andre born har sagt til henne at ho bør reisa tilbake dit ho kom frå. Men kvar skal ho reisa? Ho er då norsk, sa Aso Karim då han opna utstillinga «Bak stereotypene» på Vestnorsk Utvandringssenter på Sletta torsdag.

Karim oppfordra nordmenn til å vera flinkare til å ta kontakt med innvandrarar.

– Dei første eg fekk kontakt med då eg kom til Bergen, var narkomane og alkoholikarar som heldt til ved Grieghallen. Eg lurte på om alle norske var slik, fortalde Karim.

## Vanlege folk

– Dei aller fleste innvandrarar er heilt vanlege folk slik som dykk. Mange norske trur at innvandrarar er dårlege folk som gjer kriminalitet, men det er dei fleste ikkje. Dei gjer ein fornuftig jobb til nytte for samfunnet, sa Karim.


Karim oppfordra folk til å sjå forbi hårfarge og hudfarge og strekkja ut ei hand.

– Eg tykte det Karim sa var veldig interessant og lærerikt, seier sjuandeklassingen Sandra Kumhle frå Austebygd skule til Strilen.

Saman med klassekameratane deltok ho på opninga.

## Innvandring

– Hittil har me på Utvandringssenteret hatt mest fokus på den norske utvandringa til Amerika, men no ønskjer me og å sjå på korleis



**GIJORDE INNTRYKK:** Sandra Kumhle går i sjuandeklasse på Austebygd skule. Det Aso Karim sa, gjorde eit sterkt inntrykk, seier ho.



**FILM:** Håvard Straume, Nicolas Mjøs og Gjert Mjøs frå Austebygd skule ser på ein av filmene på utstillinga saman med prosjektleiar Christine Haugsten Ellefsen.

dei som kjem hit til landet, har det, sa Ida Dyrkorn Heierland under opninga.

Dyrkorn Heierland er avdelingsleiar på Utvandringssenteret.

Ho meinte det er interessant å samanlikna dei norske emigrantane til Amerika for hundre år sidan og meir med innvandrarane til Noreg i dag. Korleis dei tenkjer, og korleis dei vert mottekne i det nye landet.

Ho er tilsett ved Museums-senteret i Salhus.

Gjennom korte videofilmar, bilde og musikk fortel ungdommane om seg sjølve.

Prosjektet er eit samarbeid mellom Museumssenteret og

## Stereotypiar

– Me har kalla utstillinga

«Bak stereotypiene» fordi me ønskjer å visa kven innvandrarane er, ikkje slik mange oppfattar dei. Me har late 25 unge innvandrarar i bergensområdet fortelja om seg sjølve og korleis dei opplevde å koma til Noreg, seier prosjektleiar Christine Haugsten Ellefsen.

## Verdfullt

– Det var ein del vanskelege ord som immigrasjon og stereotypiar knytt til denne utstillinga, men eg har etter kvart forstått at han står for noko verdfullt. Det er viktig at

ungdomsorganisasjonen 2gether. Utstillinga stod først i rådhuset i Bergen, og på Sletta skal ho stå fram til 1. desember. Utstillinga er open i morgon og laurdag og søndag neste helg. Skuleklassar kan få koma innom etter avtale.

Utstillinga er i det gamle rådhuset på Sletta. Utanfor står fotoutstillinga «Minner fra migrasjon», som er laga i Oslo. Den viser glimt frå dagleglivet i det fleirkulturelle Noreg.



**UTE:** Ufor rådhuset på Sletta står fotoutstillinga «Minner fra migrasjon». Sjuandeklassen på Austebygd skule deltok og på opninga.

(Foto: Ida Dyrkorn Heierland)

me lærer andre sin kultur å kjenna, og dei unge veit meir om dette enn me eldre, sa varaordførar Ragnar Floen, som helsa frå Radøy kommune.